LINDÅS KOMMUNE
Kultur- og aktivitetseininga

Hordaland fylkeskommune
v/ Anne Mette Nesje Porten
annport@hfk.no

| **Referanser:** | **Saksbehandlar:** | **Dato:** |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eileen M Feste | 16.12.2015 |
| Vår: 14/339 - 15/35661 | EMF@lindas.kommune.no | |

# Søknad; Tilskot til utvikling av frivillighetspolitikk-/ plan i kommunane

Lindås kommune søkjar med dette **kr 40.000** i tilskott til utvikling av frivillighetspolitikk- / plan.

Regjeringen skriv i Frivillighetsmeldinga ***"Frivillighet for alle"*** at den vil sikre utvikling av eit levande samfunn ved å etablere eit nært samarbeid med frivillige organisasjonar.

Lindås kommune har lang tradisjon med å samhandle aktivt med frivillig sektor innan dei fleste av kommunens ansvarsområder. Lindås kommune har omtale av frivillig sektor i Kulturplan for 2010-2020. I Lindås kommune står frivillige for rundt 26 årsverk pr 1000 innbyggjar som eit gjennomsnitt i landet. Det uløna frivillige innsats i Lindås kommune utgjer ca 390 frivillige årsverk. Den frivillige, uløna innsatsen utgjer ca 19 % av det totale arbeidet i Lindås og kan verdsetjast til rundt 117 mill kroner. (tal frå 2013)

**<u>Lindås kommune ønskjer å søkje midlar til følgjande prosjekt</u>**

1. **Etablere Lindås kulturråd og få på plass eit samarbeidsfora** **kr 15.000**

   Målet med kulturråd er å etablere eit organ som kan vere talerør for frivillige lag i Lindås kommune, ein samarbeidspartnar og høyringsorgan i sakar som gjeld frivillig sektor. Rådet skal og vere ein viktig pådrivar som på eiga initiativ kan sette sakar på dagsorden. Kulturrådet skal vere eit av fleire verktøy for å demme opp for det regjeringa beskriv i si melding om «Frivillighet» - «…*Selv om flere kommuner i dag har en omfattende og variert samhandling med frivillig sektor, er det i de fleste kommuner en manglende forståelse for hvilken rolle de frivillige kan og bør spille i kommunene. ".*

   ***Finansiering***
   ***Utgifter***

   | | |
   |---|---|
   | Drift 1. år | kr 40000 |

   **Inntekt**

   | | |
   |---|---|
   | Prosjektmidler (Tilskot til utvikling av frivillighetspolitikk-/ plan i kommunane) | kr. 15.000 |
   | Tilskot Lindås kommune | kr. 25.000 |

2. **Arrangere Frivillighetskonferanse hausten 2016** **kr 30.000**

Saman med Lindås kulturråd og Lindås idrettsråd, ønskjer vi å arrangere ein Frivilligheitskonferanse hausten 2016. Målet med konferansen er at det skal gi startskot for arbeid med ein frivillighetsplan for Lindås kommune.

**Finansiering**
**Utgifter**
Frivillighetskonferanse hausten 2016 kr 25.000

**Inntekt**
Prosjektmidler (Tilskot til utvikling av frivillighetspolitikk-/ plan i kommunane) kr. 25.000

Lindås kommune samarbeider i dag med mange ulike aktørar innan frivillig sektor. For å løyse framtidas utfordringar, vil det vere naudsynt at offentleg og frivillig sektor samarbeider for å løyse de mange oppgåvene, spesielt innan kultur/fritid og helse/sosialsektor. Auka merksemd på inkludering og integrering er og viktige oppgåva vi måha fokus på for å løyse i fellesskap.

Eventuell tilskot bes sendes Lindås kommune, konto nr 3201 05 89311. Merk betaling med «260/1200»

Med helsing

Eileen M. Feste
Kulturkonsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*